



## Notat

Dato: 09.10.2014  
Arkivsak: 2014/10571-10  
Saksbehandlar: marerik

---

**Til:** Samferdselsutvalet og Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Belønningsordninga – tildeling av ekstra belønningsmidlar i 2014

Bergen er tildelt 20 mill. kr. i ekstra tilskot frå «*Belønningsordningen for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk*» i 2014 (sjå brev datert 23. september 2014). Dei ekstra midlane går inn som ein del av gjeldande avtale og skal omtalast i sluttrapporteringa for avtalen. Sluttrapporteringa skal sendast til Samferdselsdepartementet innan 31. januar 2015.

Dei ekstra midlane er eit resultat av auka tilskot til belønningsordninga i Revidert nasjonalbudsjett for 2014. I brev frå Samferdselsdepartementet, datert 4. juni 2014, vart dei tre største byområda, Oslo/Akershus, Bergen og Trondheim invitert til møte på administrativt nivå for å drøfte forslag til bruk av dei ekstra midlane.

I møte med Samferdselsdepartementet, 14. august, vart det lagt fram følgjande forslag til bruk av dei ekstra midlane i Bergen (oppsummert i brev til departementet, datert 26. august):

Opprusting av haldeplassar på stamlinene i Bergen, med sanntidsinformasjon og universell utforming.

På dei 6 bystamlinene i Bergen er omlag 140 av 200 haldeplassar ferdig opprusta (eit utval av desse er rusta opp med sanntidsinformasjon). Ei oppgradering av haldeplassane vil føre til meir effektiv inn- og utkøyring og dermed redusert reisetid. I tillegg vil betre standard på haldeplassane venteleg bidra til fleire reisande. Estimert kostnad per haldeplass er 0,5 – 1 mill. kr. Midlar som ikkje vert nytta i 2014 kan overførast til 2015.

Dette tiltaket er i tråd med handlingsprogrammet for Bergensprogrammet 2014-2017 og spesifikasjonane i brev frå departementet, datert 4. juni 2014, om kva det er ønskeleg at midlane skulle gå til. I tillegg vil opprusting av haldeplassar gi eit synleg og målbart resultat av dei ekstra midlane.